

DEN NORSKE KYRKJA

MØTEBOK

Torsdag den 21. november kl. 18.00 – 20.00 holdt Fellesrådet møte i Sveio Soknehus

Møte var kalla inn ved e-post til medlemmene 14.11.2019

Følgjande medlemmer/vara medlemmar møtte; Ragnhild Lysen, Hildur Larsen, Tor Helge Hardeland, Bent Rune Sinnes og Arild Steinsland

Forfall frå; Kjell Gunnar Nymark, Astrid Farestveit Gane, Eirik Eriksen, Monica N. Jacobsen

Merknader til innkallinga; Nei

Merknader til saklista; Nei

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

Til stades frå administrasjonen; Ottar Krakk

Sak 22/2019 Godkjenning av referat og innkalling
Informasjon og skriv

Sak 23/2019 Rekneskapsrapport jan-13.nov 2019

Sak 24/2019 Forsikring

Sak 25/2019 Budsjett 2020 og Økonomiplan 2020 - 2023

Sak 26/2019 Betalingssatsar for leige av kyrkjer mv i 2020

Sak 27/2019 Festeavgift mv

Sak 28/2019 Lønspolitisk plan

Sak 29/2019 Påskjønningar mv

Sak 30/2019 Permisjonsreglement

Sak 31/2019 Plan for gravplassane i Sveio 2020 – 2060

Sak 32/2019 Vedtekter for gravplassane

Sveio, 27.11.2019

sign
Bent Rune Sinnes
Leiar



Ottar Krakk
Kyrkjeverje

Signering av protokoll:

Arild Steinsland

Tor Helge Hardeland

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11.2019	Fel . 22/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

**Sak 22/2019 Godkjenning av referat og innkalling
Informasjon og skriv**

- Eikeland gravplass – forsert behov for utviding
- Sveio kommune – Framlegg til budsjett og økonomiplan
- Orientering om ulike rehabilitering-/vedlikehaldsprosjekt
 - Brannvarsling vert montert i Sveio kyrkje og Valen kapell
- Stabsarrangement

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11.2019	Fel . 23/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 23/2018 Rekneskapsrapport 1. jan-13.nov 2019

Rekneskapsrapport for Sveio Kyrkjelege Fellesråd er denne gongen tatt ut for ein periode som vert avslutta midt i ein månad. Det er gjort av di denne då vil gi eit noko meir korrekt bilde av situasjonen enn om me avsluttar rapporten 31.10.

Det er nå i november gjort nokre korreksjonar med tanke på finansiering av maling av Sveio kyrkje, forskotering av utgifter til rehabilitering av kyrkjebygg samt kjøp av leasingbil mv.

Samtidig vil det i løpet av november som normalt påløpa ein del utgifter som det føreløpig ikkje er tatt inn i rekneskapen.

Hovudtala for perioden går fram av tabellen nedanfor:

Sveio kyrkjelege Fellesråd					
Rekneskapsrapport 1.jan - 13. november					
		Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	Regnskap
		2019	2019	0	2018
57100 ADMINISTRASJON					
	Sum ansvar: 57100 ADMINISTRASJON	-203151	-107861	-95290	-233180
57200 DRIFT KYRKJER					
	Sum ansvar: 57200 DRIFT KYRKJER	-42858	-128626	85768	67013
57210 VALESTRAND KULTURKYRKJE					
	Sum ansvar: 57210 VALESTRAND KULTURKYRKJE	-5284	-40	-5244	32421
57300 DRIFT KYRKJEGARDAR					
	Sum ansvar: 57300 DRIFT KYRKJEGARDAR	-248217	-58937	-189281	7457
57410 DIAKONI					
	Sum ansvar: 57410 DIAKONI	-4637	-4070	-567	-18231

57420 TRUSOPPLÆRING				
Sum ansvar: 57420 TRUSOPPLÆRING	-164905	-21012	-143893	-233915
57430 KONFIRMANTARBEID				
Sum ansvar: 57430 KONFIRMANTARBEID	-13093	-3342	-9750	56134
57440 KYRKJEMUSIKK				
Sum ansvar: 57440 KYRKJEMUSIKK	2321	-4	2325	-2826
57450 BARNEKOR				
Sum ansvar: 57450 BARNEKOR	-47461	-26143	-21318	-72150
57600 GRAVLEGATER				
Sum ansvar: 57600 GRAVLEGATER	-5550	0	-5550	-85727
T O T A L T	-732835	-350036	-382799	-483004

Hovudfunna er at me ser ut til å styra mot eit lite overskot, men langt frå så stort som dei 732000,- det føreløpige mindreforbruket er. Som tabellen viser skulle vi etter planen ha eit mindreforbruk på 350000,- ved utgangen av november. Dette då er lite inntekter i desember, men jamne utgifter. Når alt er ført for november månad vil me vera langt nærare dette beløpet.

Samtidig ser det ut til at me vil gå mot eit lite mindreforbruk/overskot året sett under eit.

Eg vil nedanfor kommentera nokre hovudmoment.

Inntekter:

Det er noko høgare sjukepengerefusjon er forventa. Dette heng saman med sjukemeldingar i slutten av 2018.

Det er betydeleg høgare inntekter frå festeavgift enn det som er budsjettert. Det var budsjettert med 250000,- medan inntektene til no i år er 343000,-. Det er uklart kva som har gjort at det er så mange fleire som har betalt festeavgift i år, mulig det har med tidlegare gjennomgang/-opprydding av festeavgifter å gjera. Snittet for festeavgift siste åra har vore 270000,- /år.

Me fekk eit tilskot på 47000,- til gjennomføring av valet. Alle utgifter er ikkje ført/mottatt her enda, men dei faktiske utgiftene er langt lågare enn dette. Samtidig har det blitt nytta betydeleg med tid frå kyrkjevevje og kontorsekretær si side. Dette viser ikkje på utgiftsida.

Før årsavslutning skal Soknehuset refundera utgifter på omlag kr 90000,- for det arbeidet som kyrkjetenar gjer på soknehuset.

Utgifter:

Me hadde i sommar inne ein del ekstrahjelp m.a. for å få mala ein del gjerder ved Sveio kyrkja og på gravplassane på Nordskog og Framnes. Me hadde og inne kyrkjetenar i full stilling (auke frå 65%) for å bidra til vedlikehald av gravplassar mv i frå slutten av april til midten av august. Dette har medført noko større lønsutgifter enn føresett. Til tross for dette har me hatt utfordringar med å halda gravplassane i ønska stand. Dette har m.a. samband med svært god grasvekst i år.

Det har i år gjort svært lite innkjøp av utstyr til gravplassane. Vanlegvis må det å fornyast ein del utstyr, men i år har det vist seg at det ikkje var naudsynt med særlege innkjøp.

Det er forventa ein restfaktura frå Bispedømme på det arbeidet eine soknepresten var frikjøpt til å gjer i trusopplæringa i vårhalvåret. Det er noko uklart kor stor denne fakturaen vert.

Det manglar framleis to månadar med fakturering av straum. Det er grunn til å forventa eit visst overforbruk samanlikna med budsjett her.

Finansiering utafor driftsbudsjettet

Det er kjøpt inn lysanlegg i Sveio kyrkja. Størstedelen av kostnaden vart dekkja av fondsmidlar, fondet var sett av ut frå tilskot som Barnekoret tok i mot i 2018 frå Sparebankstiftelsen.

Kjøp av leasingbil, kr 166000,- finansiert via disposisjonsfond. Det er tidlegre gjort vedtak om dette, Fellesrådet si sak 23/2018

Maling av Sveio kyrkje kr. 461602,- finansiert via vedlikehaldsfond. Midlar var bevilga av Sveio kommune i sitt reviderte budsjett for 2018.

Sveio kommune har i sitt budsjett for 2019 sett av midlar til ulike rehabiliteringsprosjekt i kyrkjene samt eit beløp til Enøk/Brannsikring. Nokre av desse kostnadane er fakturert via Fellesrådet. Totalt har Fellesrådet pr nov. 2019 vidarefakturert kr. 212.114,- for utgifter som Fellesrådet har forskotert.

Vurdering

Kyrkjevevja vurderer at rekneskapsrapporten, der hovudtala er gjengitt ovanfor, gir eit korrekt bilde av den økonomiske situasjonen pr dags dato. Samtidig går me inn i ein periode der det er svært lite inntekter for fellesrådet medan utgiftsida er meir konstant. Det er derfor venta eit rekneskap som er nær i balanse ved avslutning av året.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd tek økonomirapport 1. jan- 13. november til orientering.

Behandling i Fellesrådet:

Hovudtal vart gått gjennom.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd tek økonomirapport 1. jan- 13. november til orientering.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11.2019	Fel . 24/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 24/2019 Forsikring**Kyrkjebygg**

Sveio kyrkjelege fellesråd har sine bygg forsikra gjennom KLP. KLP opplyste ved sist forfall at dei frå 1.1.19 ikkje lenger tilbyr Fullverdidekning for kyrkjer og kapell som er listeført. For Sveio sin del gjeld dette då Sveio Kyrkje og Valen Kapell. For 2019 er verdien på desse to bygga auka med 20% til henholdsvis 39,8 millionar for Sveio Kyrkje og kr. 2,4 millionar for Valen Kapell. Spørsmålsstillinga va kva som er rett «verdi» for desse bygga. Det har vist seg vanskeleg å finna den gode måten å setja fast verdien på bygga. Det vil i stor grad vera skjønn som vil avgjera kva verdi ein skal setje. Ved ny kontakt nå i oktober 2019 er imidlertid KLP på ny villige til å opna for fullverdiforsikring av begge kyrkjebygg, men då til ein noko høgare pris enn tidlegare.

Forsikringselskapet Knif har tidlegare i år kome med eit forsikringstilbod på Fullverdi. Kostnadane her hos KNIF er betydeleg høgare enn hjå KLP; 35860,- (Klp 26189,-) for Sveio kyrkje og kr 4901,- (KLP: 2465,-) for Valen kapell. Verdi på bygga er av Knif då sett til 35,8 millionar for Sveio Kyrkje (KLP; 36,651 mill) og 3,7 mill for Valen Kapell (KLP; 3,451 millionar) . Som desse tala viser spriker verdianslaga litt, men langt frå så mykje som dei gjorde før ny berekning frå KLP forsikring.

I KLP sine nye prisar har dei gitt reduksjon i pris for brannvarsling i Sveio kyrkje, men ikkje for Valen kapell. Bakgrunnen her er at det er for lang utrykningstid til Valen. Brannvarsling vil bli montert i løpet av 2019.

Reiskapsboder mv.

Ein annan spørsmålsstilling er om me skal ha forsikring på ulike småbygg rundt på gravplassane. Dette gjeld i hovudsak reiskapsbygg på Sveio gamle(Fjellstad), Nordskog og Bjelland. Det er ikkje store kostnadar med å ha dei forsikra; 112,-/år pr bygning. Men samtidig er dei kun verdsatt til kr 156000,- kvart av bygga og forsikringen har ein eigenandel på kr 50000,- Ei anna problemstilling er om dei vil bli bygd opp igjen ved ein brann eller annan større skade.

Me har og mindre bygg på Framnes(klokketårn) og eit klokketårn på Førde Gamle (ved sjøen). Desse har same pris og verdifastsetting. Her er samtidig gjerne større mulighet for at dei vert bygd opp igjen då dei etter mi vurdering har ein større estetisk verdi og praktisk nytte på desse to stadane.

Det er tilknytt bygningsansvar til forsikringane av desse småbygga. Det betyr at forsikring vil dekke ev skader bygningen vil påføre andre. Dette vert ofte eksemplifisert med takplater som bles av taket og skadar andre etc.

Inventar og lausøyre mv

Ein annan problemstilling er forsikring av inventar og innbu. Pr 2019 betalar me forsikring for «Alt av Kirkeløysøre i Sveio KF» til ein totalverdi på 30,9 mill. Her ønske KLP at me fordeler denne forsikringa ut på dei 5 kyrkjebygga våre. I følge KLP vil det gjera eit ev forsikringsoppgjer mindre problematisk; *«Som vi snakket om må inventar og løysøre forsikres per bygg og ikke som sekkeposter. Det er fordi da slipper vi eventuelle uenigheter ved et eventuelt forsikringsoppgjør».*

Totalt sett er forsikringsdekningen på kyrkjeinventar på 30,9 millionar. Denne må som nemnt ovanfor fordelas ut på dei fem kyrkjebygga. Dette er ein krevande jobb. Kyrkjeverje har her nytta ei prisliste som vart utarbeid frå Arne Sæther i Kyrkjebyggdatabasen tilbake i 2003/2004 og lagt til prisstiging. Inventar er registrert etter beste evne og prissett. Det er i tillegg lagt til 20% for å sikre tilstrekkeleg nivå på forsikringa:

Fordelinga vert då:

Eikeland Kapell	2 755 920
Førde Kyrkje	6 204 360
Sveio Kyrkje	12 181 920
Valen Kapell	1 785 180
Valestrand Kyrkje	8 840 472
TOTALT	31 767 852

Etter denne berekninga er totalverdien nærare 900.000,- høgare enn den samlesummen ein tidlegare har tatt utgangspunkt i.

Me har og ein forsikring av «Alt av løysøre øvrige bygg – Sveio KF». Dette er verdsett til 6,7 millionar. Me betalar kr 3021,- /år for denne. Med ein eigenandel på 50000,- er dette ein forsikring som gjerne ikkje er særleg heniktsmessig å ha vidare. Verdien på slikt inventar er nok og betydeleg lågare enn desse 6,7 millionane. Verdien er nok maks 5-600000,- . Denne må og fordelas på ulike bygg.

Det viser seg og at me har ein «Kontorforsikring, inventar og løysøre – Sveio Sentrum». Den har kun ein kostnad på kr 50,-/år.

Sveio soknehus

Sveio soknehus er ikkje ein del av Sveio kyrkjelege Fellesråd, men ein del av sokna sitt rekneskap og ansvar. Soknehuset er forsikra gjennom Gjensidige og er fullverdiforsikra. I tillegg er innbu og forsikra her. Total kostnad kr: 16412,-

Tilsette

Sveio kyrkjeleg Fellesråd sine tilsette er forsikra gjennom Knif Trygghet sin forsikringsordning når det gjeld «Yrkesskade» og Gruppeliv. For inneverande år betalar Fellesrådet kr 17687,- for sine tilsette for desse forsikringane.

Frivillige, Besøkande og deltakande i arrangement

Gjennom KA har Fellesrådet ei forsikring som dekkjer Fellesrådet sitt ansvar dersom me skulle ha/få eit rettsleg erstatningsansvar. Forsikringa dekkjer og ev underslag av midlar frå sokneråd/fellesråd samt at det gir utbetaling ved ulykker /skade på person medfører invaliditet, død eller behandlingsutgifter.

Dei som vert dekkja av denne forsikringa er deltakrarar, frivillige og besøkande til arrangement i regi av Den norske kyrkja. Forsikringa gjeld enten det er sokneråd, fellesråd eller prestetenesta som står som ansvarleg for arrangementet.

Arrangement i regi av frivillige organisasjonar er ikkje ein del av ordninga.

Fellesråd i kommunar med eit innbyggjartal mellom 5000 og 10000 betalar kr 1200,- for å vera med i ordninga.

VURDERING

Kyrkjevevja vurderer at det framleis er den gunstigaste løysinga å halda på forsikring gjennom KLP. Når KLP nå på ny tilbyr fullverdiforsikring ser eg det som mest fornuftig å ta imot dette tilbodet, det til tross for at kostnaden aukar noko.

Dei ulike småbygga på gravplassane er det isolert sett liten verdi i og forsikring kunne gjerne vore sagt opp. Samtidig talar det at forsikringa og har eit ansvar inkludert for at me vidarefører forsikring for desse bygga.

Eg finn det og rett å fordela forsikring av innbu i tråd med oversikt ovanfor. Denne fordelinga er ikkje nøyaktig, men vil gje eit betre bilde av verdiane enn me hadde frå før. Særleg er det vanskeleg å setja verdi på inventar som først og fremst har ein estetisk verdi som t.d. altertavle og preikestol. Fordelinga er etter min vurdering det beste verdifastsettinga me kan få til nå.

Eg finn det og rett å redusere beløpet me har forsikra «Alt av løssøre øvrige bygg» til 600.000,- då dette må vera verdsett alt for høgt tidlegare.

Når det gjeld forsikring av personell finn eg at gjeldande forsikringar gir ein tilfredstillande dekning for dei tilsette. Sveio KF sin deltakelse i KA sin forsikringsordning for frivillige, besøkande mv er etter min vurdering ei hensiktsmessig ordning å vera tilsutta. Økonomisk er dette ei rimelegare ordning enn om me skulle teikna eigen forsikring.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kyrkjelege Fellesråd beheld forsikring i KLP. Alle 5 kyrkjebygga skal ha fullverdiforsikring.
2. Verdi av innbu mv i kyrkjebygga vert fordelt i tråd med oppsett i saka
3. Forsikringsverdi av innbu mv utanfor kyrkjebygg vert redusert til kr 600.000,-
4. Informasjon om forsikring for personell, besøkande mv vert tatt til orientering

Behandling i Fellesrådet:

Det vart stilt spørsmål med om verdien på inventar og utstyr var sett høgt nok, særleg då verdifulle gjenstandar som orgel mv.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Sveio kyrkjelege Fellesråd beheld forsikring i KLP. Alle 5 kyrkjebygga skal ha fullverdiforsikring.
2. Verdi av innbu mv i kyrkjebygga vert fordelt i tråd med oppsett i saka
3. Forsikringsverdi av innbu mv utanfor kyrkjebygg vert redusert til kr 600.000,-
4. Informasjon om forsikring for personell, besøkande mv vert tatt til orientering
5. Fellesrådet ber om at kyrkjevevje sjekkar ut om det er mulig å få taksert innbu grundigare, f.eks. ved eksterne takstmenn.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11.2019	Fel . 25/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 25/2019 Budsjett 2020 og Økonomiplan 2020 - 2023**BUDSJETT 2020****Føresetnader/inntekter**

Inntektsida til Fellesrådet er i stor grad kommunale tilskot med omlag 2/3 av inntektene. I rådmannen sitt framlegg til budsjett for Sveio kommune er tilskotet til Sveio Kyrkjelege Fellesråd auka med 110.000,- noko som utgjer i underkant av 3%. Det er det same som dei ulike kommunale einingane har fått for å møte generell pris og lønssstigning. Dette tilskotet er ikkje vedtatt og Fellesrådet må ev endra sitt budsjettvedtak om det vert endring i tilskot frå kommunen. Andre inntekter for Fellesrådet er tilskot til trusopplæring frå bispedømme, festeavgifter, eigenbetaling samt offer. I budsjettframlegget er det ikkje lagt opp til endringar i desse postane ut over at ein har auka anslaget på tilskot til trusopplæring tilsvarende dei reelle tala for 2019. Det er svært utfordrande å anslå ev endringar i postar som gjeld offer mv. Ev endringar i tilskot til trusopplæring for 2020 er ikkje kjent før ut i budsjettåret 2020.

Utgifter

Den aller største utgifta til Fellesrådet er lønsrelaterte utgifter. Det vil bli lagt til grunn ein mindre lønsauke, jf. årets lønsoppgjjer.

I 2019 var det kyrkjeval. Det er ansvar 57100 i 2020 budsjettet justert for inntekter og utgifter i samband med kyrkjevalet.

Innanfor ansvar 57420 Trusopplæring er det gjort endringar sidan det frå sommaren 2019 kom endringar i avtale om frikjøp av eine soknepresten til arbeid innanfor trusopplæringa. Det er nå tilsett ein trusopplærar i 25% stilling samt at det er høve til å nytta nokre midlar til meir prosjekttretta innsats/honorar.

Utover endringane som er nemnt ovanfor er det gjort ein del mindre justeringar på postar inne på kvart ansvarsområde. Dette er gjort ut frå erfaringstal.

Ovanfor kommunen er det bedt om gradvis auke i løyvingar i driftsbudsjettet på kr. 90.000,- pr år dei komande tre åra for å auka administrativ ressurs. Dette er føreløpig ikkje lagt inn i budsjettet for Fellesrådet då det er ukjent om det vil bli ei slik ekstra løyving. Ut frå rådmannen sitt budsjettframlegg vert det ikkje ein slik auke;

Tilskotet til kyrkja er i utgangspunktet ikkje endra i forhold til rammesaka i juni, kor det blei auka med 3,0 prosent i forhold til 2019. I rådmannens forslag er ramma likevel auka med 0,2 millionar kroner for at budsjettet skal stemma med rekneskapen, når det gjeld handtering av

tenestene Sveio kommune gjer til fellesrådet (tenesteytingsavtalen). Det er kome innspel frå Fellesrådet på trong for høgare tilskot til kyrkja. Konkret er det kome ønskje om ei opptrapping av tilskotet med kr 90 000,- per år i tre år for å gje rom for kyrkjeverje i 100 prosent stilling. Det er gode argument for å auke stillinga, men rådmannen finn ikkje rom for å auke tilskotet i denne omgang. Det er og kome innspel om dialog rundt finansiering av ein diakonistilling i kommunen. Rådmannen er open for ein diskusjon rundt dette. I følgje KOSTRA nyttar Sveio kommune meir til Fellesrådet per innbyggjar enn gjennomsnittet av andre kommunar i KOSTRA-gruppe 11.

ØKONOMIPLAN 2020 – 2023

Sveio Kyrkjelege Fellesråd har ikkje tidlegare hatt ein 4 årig økonomiplan slik forskrifta slår fast at det skal vera. Det vert i år fremja ein forenkla økonomiplan for fellesrådet. Den går på rammenivå for det enkelte ansvarsområde. Den har som føresetnad at våre inntekter aukar med same takt som auke i kommunale tilskot for komande år, ein auke me har anslått til 2,5% pr år.

I løpet av fire år vil det skje endringar som kan ha betydning. Dette vil me måtte justere for i dei årlege vedtaka om budsjett- og økonomiplan.

INVESTERING

Sveio kyrkjelege Fellesråd har ikkje eit eige investeringsbudsjett sjølv. Innanfor investering har praksis vore at kommunen løyver til investering innanfor eige budsjett og at prosjekt vert utført i nært samarbeid mellom kommune og fellesråd.

Viktige oppgåver innanfor investering vil dei komande åra vera utviding av gravplassen på Eikeland samt vidareføring av rehabilitering og sikring av kyrkjebygg.

Her er tekst frå rådmannen sitt budsjettframlegg.

Kyrkjelege føremål

Til prosjekt rehabilitering av Førde kyrkje er det naudsynt med ei ekstraløyving på 0,4 millionar i tillegg til tidlegare løyving på 1,6 millionar. Rådmannen foreslår å nytta kr 0,9 millionar kroner i 2021 til brannsikring og rehabilitering av kyrkjebygg. Det er vidare og sett av 0,4 millionar kroner i 2022 og 2023. Naudsynt rehabilitering og brannsikring av ulike kyrkjebygg prioriterast innafor denne ramma i åra framover. Økonomiplan 2020-2023 – drift og investering - 12

Eikeland kyrkjegard har mindre kapasitet enn først vurdert og det føreslåast 0,3 millionar til planlegging av utviding i 2020 og ytterlegare 3,5 millionar til opparbeiding i 2021.

VURDERING:

Kyrkjeverja vurderer at budsjettet for 2020 er stramt i likhet med tidlegare år. For 2019 auka me budsjettet si utgiftside med auke i kyrkjetenarstilling frå 35 til 50%. Desse utgiftene må finansierast ved reduksjon i andre utgifter. Det vert mellom anna nytta noko mindre kyrkjetenar på helg. Ut frå rekneskapsrapportar kan det sjå ut til at totalbudsjettet for 2019 vil

gå i balanse. Noko av bakgrunnen her er m.a. større inntekter frå festeavgift enn forventa samt nokre refusjonar for sjukepengar mv.

Forventa auke i kommunalt tilskot vil i all hovudsak gå til å dekkja inn lønsauke. Det er derfor og i 2020 svært lite rom for ekstraordinære utgifter.

Slik kyrkjeverja vurderer det er det beklageleg at rådmannen i sitt framlegg til budsjett ikkje kom Fellesrådet i møte i forhold til auke i tilskot slik at ein fekk auka administrativ ressurs. Det kan etter kyrkjeverja sin vurdering ikkje gjerast nokon auke i administrativ ressurs så lenge dette ikkje er finansiert. Det vil medføra at det er problematisk å halda aktivitetsnivået oppe, særleg med tanke på større rehabilitering og utbyggingsprosjekt som ligg inne i rådmannen sitt investeringsbudsjett.

Kyrkjeverja vil tilrå at Fellesrådet vedtar budsjettframlegget slik det ligg før.

Dokument i saka:

- Framlegg til driftsbudsjett for Sveio Kyrkjelege Fellesråd 2020
- Framlegg til økonomiplan 2020 - 2023

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kyrkjelege Fellesråd vedtar framlegg til budsjett for 2020.
2. Sveio Kyrkjelege Fellesråd vedtar framlegg til økonomiplan 2020 - 2023
3. Ved ev endringar i kommunalt tilskot til Fellesrådet må det fremjast nytt justert framlegg til budsjett og økonomiplan.

Behandling i Fellesrådet:

Ulike moment i budsjettframlegget vart drøfta. Det vart fremja forslag om eit tilleggspunkt der Fellesrådet understreker at rådet framleis vil arbeide for ei diakonistilling og auke i kyrkjeverjestilling.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Sveio kyrkjelege Fellesråd vedtar framlegg til budsjett for 2020.
2. Sveio Kyrkjelege Fellesråd vedtar framlegg til økonomiplan 2020 - 2023
3. Ved ev endringar i kommunalt tilskot til Fellesrådet må det fremjast nytt justert framlegg til budsjett og økonomiplan.
4. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ønske framleis å arbeida for auke i kyrkjeverjestilling og for ei framtidig diakonistilling.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11.2019	Fel . 26/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 26/2019 Betalingssatsar for leige av kyrkjer mv i 2020

Det er Fellesrådet som skal setja fast utleigesatsar for kyrkjer mv. Det føreligg ein oversikt over dette. Desse satsane vart sist vedtatt i november 2018. Utleige er svært avgrensa og ei ev justering av satsar her vil ikkje gjera store utslag i økonomien til Fellesrådet som heilhet.

Det som er viktig her er at Fellesrådet får dekkja sine utgifter i samband med gravferder og vigsel for personar som ikkje er busette i kommunen (utanbygds)samt at me får dekkja kostnader til oppvarming og kyrkjetenar ved t.d. utleige til konsertar mv.

Gravferd og vigsel vert vurdert som utanbygds om den døde eller brudefolka er folkeregistrert i annan kommune.

Dokument i saka:

- Utleigesatsar for kyrkjer mv i Sveio 2019

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Utleigesatsar for kyrkjer vedtatt 29.11.2018 vert gjeldande og for 2020

Behandling i Fellesrådet:**Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:**

Utleigesatsar for kyrkjer vedtatt 29.11.2018 vert gjeldande og for 2020

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11.2019	Fel . 27/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk		Arkiv:	

Sak 27/2019 Festeavgift mv.

Festeavgift mv skal fastsetjast av kommunen etter framlegg frå Fellesrådet. Festeavgift utgjør ein betydeleg inntekt for Fellesrådet. Lova gir gravplassmyndigheten høve til å krevja inn festeavgift for graver. I hovudsak gjeld dette graver som er eldre enn fredningstida, i lova fastsett til minimum 20 år. Fredningstida skal fastsetjast lengre om jordsmonn og nedbrytning tilseier at det er behov for det. I Sveio er derfor fredningstida sett til 30 år. Pr i dag er den lik for både kiste- og urnegraver.

Når ein person vert lagt i ei ny tilvist grav er det mange som vel å feste ei grav ved sida av, som oftast til gjenlevande ektefelle. Denne vil det då bli kravd festeavgift for. Slik dagens regelverk er vil det framleis bli kravd festeavgift for denne når grava vert tatt i bruk.

Nokre gonger vel pårørande å nytta ei grav for gjenbruk. Graver kan vanlegvis nyttast på ny når fredningstida er ute, dvs. at det må ha gått meir enn 30 år sidan sist gravlegging. Og her vil det med dagens regelverk bli kravd inn festeavgift vidare.

Når den gravlagde er heimehøyrande i annan kommune, men det er ønskeleg at vedkomande vert gravlagd i Sveio vil det bli kravd festeavgift frå første år.

For pårørande kan det verka urimeleg at ein framleis krev inn festeavgift dersom den avlidne vert lagt i ei festa grav enten denne festa grava er ved sida av ektefelle e.l. eller det er snakk om ei gjenbruk av ei familiegrav. Dette medan det ikkje er tilfelle om vedkomande vert lagt i ei tilvist/ny grav.

Ser vi på statistikken for dei siste 20 åra er det omlag halvparten av dei avlidne som vert lagt i ny grav medan dei resterande vert lagt i festa grav eller ein tek i bruk ei gammal grav. Ved eit snitt på nær 40 graver pr år fordeler dette seg då som 20 av kvar type.

Det er jamleg nokre personar som er busett i annan kommune, men som vert gravlagt i Sveio. I slike tilfeller er det høve til at Fellesrådet får dekkja utgiftene med gravferda. Desse satsane bør justerast noko og blant anna ta høgde for å få dekkja kostnader ved nedsetting av urne i eksisterande grav.

Kremasjon

Pr i dag må dei som vel kremasjon for sine næraste sjølv ta heile kostnaden med kremasjonsavgifta. Denne er omlag 5000,-/kremasjon. Nokre kommunar/fellesråd vel å dekkja heile eller deler av denne. Bakgrunnen for dekning er omsynet til likebehandling samt at kostnaden med å leggja til rette for ei kistegravlegging er høgare enn ved nedsetjing av urne. Det er og billigare for å leggja til rette for urnegraver enn for kistegraver. Ein kan og nytta graver som ikkje kan nyttast til kistegraver, jf at dei ikkje har tilstrekkeleg dybde eller storleik.

I samband med plan for gravplassar er denne spørsmålstillinga tatt opp med Sveio kommune. Kommunen har der uttalt at ein ser positivt på ei dekning av kremasjonsavgift, men at denne må tas inn med auke i festeavgift eller andre avgifter innanfor feltet. Kommunen har vidare

signalisert at det er ønskeleg med ei differensiering i festeavgift der eldre graver vert dyrare å feste. Dette for å stimulere til å frigjere graver for gjenbruk.

Andre samanliknbare kommunar/fellesrådsområde

Når me skal sjå på festeavgift og samanlikna kostandane med andre er det fleire faktorar som må vurderast.

Det enkle er å sjå kor mykje ein må betale i festeavgifta pr år. Samtidig må ein ta høgde for om det er frigrav i 20, 25 eller 30 år. Det må og vurderast om alle får frigrav sjølv om dei vert lagt i festa grav.

Vi kan samanlikna med to av dei næraste kommunane Stord og Haugesund.

I Haugesund er festeavgifta 175,-/år. Men her er frigravsperioden kun 20 år. For ei enkeltgrav vert kostnaden over 60 år 7000,- På Stord er festeavgifta 350,- /år med frigravsperiode på 20 år. Kostnad 14000,- I Sveio vert den 7500,- for same 60 årsperioden.

For ei dobbelgrav vert reknestykke noko annleis når me samanliknar oss med Stord. I Sveio vil kostnaden bli 22500,- frå tidspunktet den første vart gravlagd. I Stord vil den for same 60 års perioden bli 28000,- . Dette då gravlegging i festa grav gir 20 år med frigrav. I Haugesund vil kostnaden bli 17500. som vi då ser ligg vi midt mellom her. Haugesund har slik eg ser det ei låg festeavgift samanlikna med t.d. Bergen og omlandet rundt Bergen. Stord ligg klart høgast i Sunnhordland. Dei andre kommunane i prostiet har i all hovudsak avgifter som er lågare enn i Sveio. Bømlo som har ei stigande festeavgift har kr 200,- for graver under 40 år, stigande til 250,- og deretter til 350,- for dei over 60 år.

Sveio har med sine 12 gravplassar ei drift som er lite effektiv samanlikna med mange andre kommunar/fellesrådsområde. Dette kan til ei viss grad forklare at vi må ha høgare festeavgifter enn andre kommunar i prostiet. Det går mykje tid til transport mellom gravplassane og det må tilretteleggast med gjerder, vatn, beplanting osv på lagt fleire plasser enn hjå dei fleste andre kommunar og fellesrådsområder det er naturleg å samanlikna seg med.

Økonomiske konsekvensar av ei ev endring av festeavgift

For dei etterlatte

Slik det nåverande regelverket er vil det for dei som vert lagt i festa grav/gjenbruk av grav bli ein ekstra kostnad på inntil kr. 7500,- for ein periode på 30 år, då samanlikna med den som vert lagt i «tilvist grav».

Dersom endringa vert at ein aukar festeavgift for graver over 30 år kan denne forskjellen bli utjamna.

Me kan setja dette opp i tabellform:

	0-30år	30-40 år	40-50år	50-60år	Totalt 0-60 år
Nåverande ordning					
Alt 0					
Tilvist grav	Kr. 0,-	Kr.2500,-	2500,-	2500,-	7500
Festa grav	7500,-	2500,-	2500,-	2500,-	15000
					22500
Alt 1					
Tilvist grav	0	2500	2500	2500	7500
Festa grav	0	2500	2500	2500	7500
					15000
Alt 2					
Tilvist grav	0	2500	2500	3000	8000
Festa grav	7500	2500	2500	3000	15500
					23500
Alt 3					
Tilvist grav	0,-	2500,-	2500,-	3000,-	8000
Festa grav	0	2500	2500	3000	8000
					17000
Alt 4					
Tilvist grav	0	3500	3500	3500	10500
Festa grav	0	3500	3500	3500	10500
					21000

Slik vi ser av tabellen vil sjølv ei auke til 350,-/år for alle graver over 30 år ikkje tilsvare same kostnaden som det er pr dobbel grav i tidsperspektiv på 60 år.

For fellesrådet

Fellesrådet har sidan 2013 hatt i snitt kr 270000,-/år i inntekter frå festeavgift- Dersom regalane for innkrevjing av festeavgift skulle bli endra slik at alle får fri grav i 30 år vil det sannsynlegvis føra til eit tap av inntekter på nærare 150000,-/år. Dvs meir enn halvparten av nåverande inntekter. Som tabellen viser må det skje ei vesentleg auke i festeavgift for graver over 30 år. Sjølv ei auke til 350,-/år vil ikkje vega opp for denne kostnadsauken, jf alternativ 4 ovanfor.

Dekning av kostnad for kremasjon vil medføre kostnadar for Fellesrådet. Ut frå statistikk kan det dreia seg om 6-7 kremasjonar i året. Dekkjer me heile kostnaden utgjer dette 30-35000,-/år. Desse tapte inntektene må ev tas inn på annan måte. Alternativt kan ein dekkja deler av kostnaden.

Det er og viktig at Fellesrådet får dekkja sine utgifter/Arbeidsinnsats ved gravlegging/nedsetjing av urne for avdøde som var busett i andre kommunar.

Vurdering

Som kyrkjevevje vurderer eg at det er rimeleg å gi eit visst tilskot til kremasjon. Eg finn ikkje rom for å dekke heile kostnaden, men føreslår ein dekning på kr. 2000,-

Vidare føreslår eg å halda på dagens praksis der det ikkje vert gitt fri grav ved gravlegging i festa grav. Eg føreslår vidare at graver som er over 50 år får ein auke i festeavgift til kr 300,-/år. Dette vil kunne dekkje kostnaden med dekning av kremasjonsavgift samt at det vil kunne stimulere til å frigjere graver for ny bruk.

Dokument i saka:

Framlegg til festeavgift mv i Sveio kommune

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kyrkjelege Fellesråd gjer vedtak om å tilrå endring i festeavgift mv i tråd med framlegg.
2. Sveio kyrkjelege Fellesråd sender over vedtaket til Sveio kommune for endeleg vedtak.

Behandling i Fellesrådet:

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Sveio kyrkjelege Fellesråd gjer vedtak om å tilrå endring i festeavgift mv i tråd med framlegg.
2. Sveio kyrkjelege Fellesråd sender over vedtaket til Sveio kommune for endeleg vedtak.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	01.10.2019	Fel . 28/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 28/2019 Lønspolitisk plan

I følge Hovudtariffavtalen , punkt 3-2 skal arbeidsgivar ta initiativ til å synleggjera lokal lønspolitikk. Det er nå gjort gjennom å utarbeida ein lønspolitisk plan. Planen er overordna og går inn på følgjande tema:

- Prinsipp for lønsfastsetjing
- Gjennomføring av lokale forhandlingar

Planen skal skapa ei ramme rundt det samarbeidet arbeidsgivar har med dei lokale organisasjonane samt at den enkelte tilsette og deira tillitsvalte skal vita noko om kva prinsipp som ligg til grunn for lønsfastsetjing.

Planen har vore lagt fram for dei tillitsvalte. Det kom nokre få innspel til denne. Desse er det tatt omsyn til i planen som nå ligg føre.

Planen byggjer på Sveio kommune sin plan og er tilpassa til Fellesrådet sin mykje mindre organisasjon.

Vurdering:

Utkast til «Lønspolitisk plan» gjev eit godt grunnlag for samarbeidet mellom arbeidsgivar og arbeidstakar rundt lokale lønsforhandlingar. Den gir og den enkelte tilsatt informasjon om kva prinsipp som vert lagt til grunn for lønsfastsetjing.

Dokument i saka:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd - Lønspolitisk plan

Kyrkjeeverja sitt framlegg til vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd - Lønspolitisk plan vert godkjent

Behandling i Fellesrådet:**Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:**

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd - Lønspolitisk plan vert godkjent

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11.2019	Fel . 29/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 29/2019 Påskjønningar mv

Sveio kyrkjelege Fellesråd har pr i dag ikkje egne rutinar for påskjønningar mv til dei tilsette. Praksis har vore at ein har fulgt dei reglane som har vore i Sveio kommune.

I Sveio kommune reviderte dei nyleg tetningslinene for påskjønningar og frå 1.1. 2019 er det nye retningslinjer som gjeld. Behovet for revidering viste seg mellom anna på bakgrunn av endringar i skattereglar. Gåver kan vera skattefrie eller dei kan vera skattepliktige, ev delvis skattefrie og delvis skattepliktige.

Dei som nå har lengst arbeidstid i Sveio Kyrkjelege Fellesråd har og vore tilsett i Sveio kommune, då før oppretting av kyrkjelege fellesråd. Dei fulgte med over i Fellesrådet ved overtaking av «verksemda».

Det er varierende praksis rundt om kring i kyrkjeleg fellesråd på korleis ein praktiserer slike påskjønningar.

Saka har vore drøfta mellom anna med tillitsvalte. Tillitsvalte har ikkje kome med uttale i forhold til framlegg til nye retningslinjer.

VURDERING:

Kyrkjeverje vurderer det som viktig at vi har eit klart regelverk for dette som sikrar lik behandling av dei tilsette i Fellesrådet. Det er vidare viktig at dette er i tråd med det som er forventa ut frå praksis hjå andre verksemdar som ein kan samanlikna seg med. For Sveio kyrkjelege Fellesråd er det naturleg å samanlikna seg med andre Fellesråd samt og med kommunen.

Kyrkjeverje vil tilrå at me i første rekkje samanliknar oss med Sveio kommune og tilpassar dei retningslinjene som er der til vår bruk. Dette vil sikra at me har retningslinjer som kan nyttast frå ei verksemd som ikkje er heilt ulik vår.

Me nyttar oss i dag av tenester frå personalavdelinga i kommunen, jf tenesteytingsavtalen, noko som og er med på å støtta opp om ei god praktisering av reglementet.

Eg vil likevel tilrå at me lagar våre egne retningslinjer og vedtar dei i Fellesrådet for å sikra eigarskap til desse i vår organisasjon. Det er vidare nødvendig å justera desse litt då fellesrådet t.d. ikkje har noko mål å dela ut.

Framlegg til retningslinjer som nå ligg føre er tilpassa dagens skattereglar og vil ikkje utløysa skatt for den enkelte.

For Sveio Kyrkjelege Fellesråd vil desse utgjera nokon endring i forhold til økonomiske midler som må setjast av her.

Dokument i saka:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd; Framlegg til nye retningsliner for påskønningar mv
- Sveio kommune; Retningsliner for påskønningar mv.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd gjer vedtak om nye retningsliner for påskønningar mv for dei tilsette.

Retningslinene vert gjort gjeldande frå 1.12.2019

Behandling i Fellesrådet:

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd gjer vedtak om nye retningsliner for påskønningar mv for dei tilsette.

Retningslinene vert gjort gjeldande frå 1.12.2019

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11.2019	Fel . 30/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 30/2019 Permisjonsreglement

Sveio Kyrkjelege Fellesråd har pr i dag ikkje noko eige Permisjonsreglement. Pr i dag har ein nytta kommunen sitt reglement for vurdering av søknadar om permisjon.

Det er Hovedtariffavtalen §14 som regulerer dei tilsette i fellesrådet sitt høve til permisjon. Hovudpunkt i denne paragrafen er rett til permisjon ved kommunale og andre offentlege verv, ulike velferdspermisjonar, utdanning og eksamen.

Sveio kommune sitt permisjonsreglement er natureleg nok knytt opp mot Hovedtariffavtalen i kommunesektoren. Det er i all hovudsak dei same punkta som her er aktuelle.

Vurdering

Kyrkjeverja vurderer at det er hensiktsmessig å vedta at Sveio kyrkjelege Fellesråd skal nytta same permisjonsreglementet som kommunen så lenge dette ikkje står i motstrid til avtaleverket som gjeld for vår avtalesektor innanfor KA-området. Slik motstrid er lite sannsynleg då tariffavtalen for kyrkjesektoren ofte vil byggja på avtaleverket i det offentlege. Eg vil her ikkje tilrå at me lagar vårt eige, men heller vedtar at me føl kommunen sitt reglement for på den måten sikra oss at me får med oss ev endringar mv som må/vil koma framover.

Dokument i saka:

- HTA § 14
- Sveio kommune - Permisjonsreglement

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak

- Sveio kyrkjelege Fellesråd nyttar Sveio kommune sitt permisjonsreglement.
- Dersom reglementet står i motstrid til tariffavtalen som gjeld for Fellesrådet er tariffavtalen overordna reglementet.

Behandling i Fellesrådet:

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

- Sveio kyrkjelege Fellesråd nyttar Sveio kommune sitt permisjonsreglement.
- Dersom reglementet står i motstrid til tariffavtalen som gjeld for Fellesrådet er tariffavtalen overordna reglementet.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	07.05.2019	Fel . 31/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 31/2019 Plan for gravplassar i Sveio 2020 – 2060

Plan for gravplassar i Sveio har vore ute til høyring. Høyringa er sendt ut til Sveio kommune, gravplassrådgivaren, Bjørgvin bispedømme samt ulike lokale lag og organisasjonar. Utkast til plan har og vore lagt ut på nettsida til Sveio kyrkjelege Fellesråd. Frist for uttale vart først sett til 20. september 2018. Den vart seinare utsett til 28.2.2019 etter anmodning frå Sveio kommune.

Det har kome uttale frå følgjande;

- Den norske kyrkja; Gravplassrådgivaren 03.07.2018
- Den Norske kyrkja; Bjørgvin Bispedømmeråd 10.07.2018
- Pinsemenigheten Filadelfia 23.08.2018
- Bua kvinne og Familielag 06.09.2018
- Førde Kvinne og Familielag 20.09.2018
- Sveio kommune, vedtak i kommunestyret 18.02.2019, nytt vedtak 30.09.2019

I planen er det gjort greie for ulike tema. Grovt sett kan vi dela tematikken i tre deler:

- Gravplassar; utbygging, arealbruk og vedlikehald
- Vedtekter (eiga Fellesrådssak)
- Festeavgift mv (eiga Fellesrådssak)

Gravplassar

Både pinsemenigheten og dei to kvinne og familielaga som har uttalt seg er klare på at det bør vera eit val å få gravlegging i den bygda ein høyrer til. Kvinne og Familielaga påpeikar at for ein del er krinsen og kva gravplass ein der soknar til viktig. Kommunestyret i Sveio har i sitt vedtak støtta opp om at det og i framtida bør leggst til rette for gravlegging ved gravplassane ved dei fem kyrkjebygga; Sveio sentrum, Førde, Ulveraker(v/Valestrand kyrkje), Valen og Eikeland. Kommunestyret er innforstått med at dette medfører behov for utbygging av gravplassen på Eikeland innan 3-5 år og Sveio sentrum innan 10-15 år.

Kommunestyret peikar i sin uttale på at; « Det bør planleggjast for framtidig drift og utbygging av 2 hovudgravplassar i Sveio. Gravplassen i Sveio sentrum ved Sveio kyrkje og gravplassen i Førde ved Førde kyrkje». Dei uttalar og vidare; «Det legges til rette for framtidig drift og utbygging også på gravplassane ved Eikeland kapell og Valen kapell». I utskrift frå kommunestyret sin protokoll går det vidare fram at rådmannen opplyste følgjande; «Rådmannen understreka at framlegget til vedtak ikkje betyr at Ulveraker kyrkjegard skal leggst ned, berre at kyrkjegarden ikkje vil bli bygt ut i planperioden 2020 – 2060 sidan kapasiteten her allereie er god»

Vidare går det fram av punkt 4 i kommunestyret sin uttale; «Øvrige gravplasser i Sveio vert ikkje planlagt for utbygging. Det lyt i størst mulig grad nyttast gjenbruk av eksisterande graver og urnegraver.»

Nytt kommunestyrevedtak 30.09.2019:

Sveio kommune gjev fylgjande innspel til plan for gravplassar i Sveio 2020-2060:

- 1. Det bør planleggjast for framtidig drift og utbygging av 2 hovudgravplassar i Sveio. Gravplassen i Sveio sentrum ved Sveio kyrkje og gravplassen i Førde ved Førde kyrkje.*
- 2. Det legges til rette for framtidig drift og utbygging også på gravplassane Ulveraker ved Valestrand Kyrkje og ved Eikeland kapell.*
- 3. Punkta over medfører at Sveio kommune må planleggja utbygging av gravplass ved Eikeland kapell innan 3-5 år og utbygging ved gravplassen ved Sveio kyrkje innan 10-15år.*
- 4. Øvrige gravplassar i Sveio vert ikkje planlagt for utbygging. Det lyt i størst mulig grad nyttast gjenbruk av eksisterande gravar og urnegravar.*
- 5. Med hensyn til økonomi, arealbruk og miljø ber Sveio kommune om at det leggjast til rette for auka bruk av urnegravar. Det bør etablerast refusjonsordning for kremasjonsavgift. Kostnadane med refusjonsordning lyt dekkjast inn ved auka festeavgift eller andre avgifter innan gravferdsordninga.*
- 6. Sveio kommune ber festeavgifta for feste av gravplass etter 30 år vert auka etter modell frå Bømlo kommune. Hensikta er å leggja til rette for auka gjenbruk av gravar.*

Eldrerådet støtta rådmannen sitt framlegg til vedtak, men hadde i tillegg nokre merknadar, herunder denne; «Ulveraker, Framnes og Nordskog gravplassar bør og sikrast vidare god drift for å gi tilbod til innbyggjarane» Dei har og ein generell merknad; «Arealmessige synspunkt skal ikkje vera utslagsgivande for å avgrensa gravplassane»

Björgvin Bispedømmeråd og Gravplassrådgivaren har nyttige innspel som går på ei meir presis ordbruk mv. i enkelte deler av planen.

VURDERINGAR

Kyrkjeverja vurderer at planen som nå ligg føre vil vera eit godt reiskap i planlegging og gjennomføring av arbeid på gravferdsområde dei komande åra.

Det vert her slått fast at innbyggjarar skal ha høve til å gravleggast på den gravplassen ein ønskjer. Samtidig er det slått fast at det skal vera tilrettelegging for at graver skal vera tilgjengeleg ved dei tre kyrkjene og ved Eikeland kapell og vidare framover. Og ved Valen kapell skal det leggst til rette for gravlegging sjølv om kommunen ikkje har sagt at ein vil støtta nokon utviding der.

Dette har betydning når det nå er behov for utviding ved Eikeland kapell i løpet av kort tid og ved Sveio kyrkje om noko lengre tid. På Eikeland kapell er behovet for utbygging blitt forsterka då me ser at det er fleire graver som ikkje kan nyttast til kistegravlegging pga at dei er for grunne.

Planen forpliktar fellestrådet til å informera betre om gravferdsområdet slik at pårørande er kjent med ulike alternativ.

Dokument i saka

- Plan for gravplassar i Sveio 2020 – 2060

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak

Plan for gravplassar i Sveio 2020 – 2060 vert vedtatt

Behandling i Fellestrådet:

Hovudtrekk i plan vart gått gjennom

Sveio kyrkjelege Fellestråd sitt vedtak:

Plan for gravplassar i Sveio 2020 – 2060 vert vedtatt

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11.2019	Fel . 32/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 32/2019 Vedtekter for gravplassane i Sveio

I høyring om planl for gravplassar, herunder og avgifter og vedtekter vert det og gitt konstruktive tilbakemeldingar på framlegget til vedtekter. Bispedømmerrådet og Gravplassrådgivaren har begge gitt ei grundig tilbakemelding på framlegget.

Det er og nå i mars 2019 kome eit framlegg til mal for nye gravplassvedtekter. Malen inneheld nokre fleire moment enn vårt opphavlege framlegg. Vedtektene er nå omarbeida i tråd med ny mal for vedtekter.

Eg vil her nemna særleg følgjande punkt i vedtektene:

- § 2 Definisjonar – Her vert ein del ord forklart.
- § 4 Personar som er busett utanfor kommunen kan bli gravlagd i kommunen mot at utgifter vert dekkja. Det vert her tatt utgangspunkt i Folkeregisteret si adresse.
- § 4 Bjelland, Førde Gamle, Eikeland Gamle og felt A på Nordskog kan kun nyttast for urnegraver, då med unntak for ev. festa graver til attlevande ektefelle.
- Fredingstid vert framleis lik for kistegrav og urnegrav
- Namna minnelund vert nå omtala i § 11 i vedtektene, det vert ikkje eigne vedtekter for minnelund.
- Bårerom – Dei tidlegare båreromma ved Førde kyrkje, Valestrand kyrkje og Eikeland kapell vert tatt ut av bruk som bårerom. Det er kun bårerommet ved Sveio soknehus som skal nyttast frå nå av.
- Det vert tatt med nokre enkle reglar om orden og åtferd på gravplassane.

Vurderingar

Vedtektene er og oppdaterte og gir klare avklaringar i forhold til ein del punkt der det m.a. vert slått fast at nokre gravplassar (+ eit felt) berre er opne for urnenedsetting. Namna minnelund vert tatt inn i vedtektene samt at det vert presisert at me nå har eit bårerom. Det siste er etter kyrkjevevja sin vurdering viktig då dei gamle romma ikkje lenger er egna til den bruken.

Det er og viktig at det er klart presisert kva tid ein reknar avdød som busett i kommunen og kva tid dei ikkje er det.

Kyrkjevevja vurderer at dei nye vedtektene er betre egna til å på eine sida informera innbyggjarar om korleis forholda på ein gravplass er regulert og på andre sida er dei nye vedtektene eit godt arbeidsreiskap for fellesrådet sine tilsette.

Dokument i saka

- Framlegg til vedtekter for gravplassane i Sveio

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd vedtar nye vedtekter for gravplassane i Sveio.
2. Vedtektene vert sendt vidare til Sveio kommune og Bjørgvin Bispedømmeråd for godkjenning.

Behandling i Fellesrådet:

Kort gjennomgang av hovodtrekka i det nye framlegget til vedtekter. Det vart nemnt at det er behov for lys på gravplassen på Framnes.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd vedtar nye vedtekter for gravplassane i Sveio.
2. Vedtektene vert sendt vidare til Sveio kommune og Bjørgvin Bispedømmeråd for godkjenning.